



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Vår dato:
15.11.2019

Dykkar dato:
16.08.2019

Vår ref:
2019/16220

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Julie Daae, 5557 2179

Høyringssvar på forslag til ny lov om integrering

Fylkesmannen i Vestland viser til oversending frå Kunnskapsdepartementet som gjeld forslag til ny lov om integrering (integreringslova), datert 16. august 2019. Høyringsfrist 15. november 2019.

Innleiing

Fylkesmannen i Vestland er generelt positiv til departementet sitt forslag om å oppheve introduksjonslova og innføre ei ny lov om integrering. I vårt høyringssvar har vi tatt konkret stilling til dei forslaga som i stor grad vil, eller kan, påverke vårt arbeid. Dei andre forslaga har vi, ut frå vår rolle, ingen kommentarar til.

Kommentar til kapittel 4 om kommunen sitt ansvar etter lova

I kapittel 4 i høyringsnotatet foreslår departementet å regulere kommunen sitt ansvar etter integreringslova i ein overordna paragraf. Fylkesmannen er einig i departementet sine vurderingar på dette punktet.

Departementet ønsker innspel på om det bør innførast eit krav om at kommunen sitt tilbod etter lova skal vere forsvarleg, og setje ein rettsleg standard. Fylkesmannen er i tvil om dette forslaget gjer kommunen sine plikter meir tydelege enn det dei er etter gjeldande rett.

Kommentar til kapittel 6 om introduksjonsprogrammet

I kapittel 6 i høyringsnotatet foreslår departementet å innføre ei integreringskontrakt for deltakarar i introduksjonsprogrammet, i tillegg til den individuelle planen. Departementet vil innføre ei integreringskontrakt for å synleggjere kommunen sine plikter og klargjere at deltakaren har plikter så vel som rettar. Kontrakten skal ikkje gje rettar og plikter utover det som følgjer av lova. Det er foreslått at kommunen utarbeider integreringskontrakta saman med deltakaren. Både deltakaren og kommunen skal signere kontrakta. Det er lagt opp til at kontrakta kan endrast dersom det skjer vesentlege endringar i den individuelle planen.

Fylkesmannen støttar ikkje forslaget om å utarbeide ei integreringskontrakt. Fylkesmannen meiner at det er fleire grunner til at dette forslaget ikkje bør få gjennomslag. Slik gjeldande rett er i dag gjer kommunane vedtak om rett og plikt til deltaking i introduksjonsprogrammet. Det eksisterer altså



allereie eit dokument som klargjer introduksjonsdeltakarane sine rettar og pliktar. I tillegg er kommunen pliktig til å utarbeide ein individuell plan, som mellom anna inneheld deltakaren sine mål i introduksjonsprogrammet. Den individuelle planen kan endrast, og vesentlege endringar utløyser ein klagerett.

Forslaget om å innføre ei integreringskontrakt i tillegg til vedtak om introduksjonsprogram og individuell plan, vil innebere at kommunen må utarbeide eit tredje dokument for introduksjonsdeltakarar. Fylkesmannen har erfart at kommunane allereie har utfordringar med å oppfylle krava til enkeltvedtak, i tillegg til å lage gode individuelle planar. Fylkesmannen vil heller foreslå at prosessen vert forenkla for kommunen, i staden for å pålegge kommunen meir arbeid. Etter vårt syn er det ikkje nødvendig med enda eit dokument for å klargjere rettar og pliktar etter lova.

Fylkesmannen meiner at det også av omsyn til introduksjonsdeltakaren bør vere færrast mogleg dokument å halde seg til.

Fylkesmannen stiller til slutt spørsmål ved korleis ei kontrakt mellom kommunen og deltakar skal handhevast dersom det vert usemje. Fylkesmannen som forvaltningsorgan er i dag klageinstans for vedtak som gjeld introduksjonsloven, men har ikkje myndighet til å drive twisteløysing av kontraktar.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
ass. fylkesmann

Julie Daae
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent